

Eksamen

22. mai 2017

SSA1002

Drift og oppfølging

Programområde: Service og samferdsel

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfatar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Viser til «Rettleiande vurderingskriterium»
Andre opplysningar	Det er føresett at kandidaten brukar PC med rekneark og verktøy for teksthandsaming.

Rettleiande vurderingskriterium

TEMA	NIVÅ 1 REPRODUKSJON	NIVÅ 2 FORSTÅING / BRUK	NIVÅ 3 ANALYSE / VURDERING
	Kva?	Korleis?	Kvifor?
Logistikk	Definere kva logistikk er	Forklare dei ulike delane i arbeidet med logistikk	Grunngje, vurdere og reflektere over betydninga av logistikk for ei verksemd/bedrift
Brevoppsett	Kunne setje opp eit brev med mindre oversiktleg innhald	Kunne setje opp eit brev med noko oversiktleg oppsett og relevant innhald	Kunne setje opp eit brev med oversiktleg oppsett og relevant og gjennomtenkt innhald
Bestilling	Bestilling av varer som manglar god struktur og viktige opplysningar	Bestilling av varer med bra struktur og hovudinnhald	Bestilling av varer med svært god logisk struktur og alt av forventa innhald/opplysningar
Bruk av tekniske hjelpemiddel og ryddig språkbruk	Bruke teksthandsaming og rekneark utan ryddige oppsett og språk	Bruke teksthandsaming og rekneark med stort sett ryddige oppsett og godt tilpassa språk	Brukar teksthandsaming og rekneark med svært ryddige oppsett og godt forretningsspråk
Økonomi – rekneskap/ vedlegg	Forklare kva eit vedlegg til ein rekneskap er	Bruke vedlegg i rekneskapsføringa	Vurdere kva konsekvensar manglande vedlegg har for rekneskapen/ verksemda
Økonomi – rekneskap/ økonomisk resultat	Forklare kva eit overskot er	Vise kva som påverkar overskotet	Vurdere kva tiltak som vil føre til endringar i økonomisk resultat for ein periode
Økonomi – rekneskap/ balanse	Forklare kva balansen er	Vise korleis balansen blir påverka av resultatet	Vurdere kva delar av balansen som blir påverka av overskotet

I tillegg blir det lagt vekt på desse grunnleggjande ferdigheitene i Service og samferdsel:

- *Å kunne skrive* i Service og samferdsel inneber utforming av materiell for å nå ut til kundar og leverandørar, å svare på førespurnader, å utarbeide skriftlege planar og strategiar, og å dokumentere arbeidsprosesser som ledd i kvalitetssikringsarbeidet og utviklingsarbeidet i verksemdene.
- *Digitale ferdigheter* i Service og samferdsel inneber å strukturere og handsame data som grunnlag for vurderingar, tryggleik, kommunikasjon og framstilling av informasjon for ei effektiv utføring og støtte i arbeidet.

Eksamensoppgåve:



Førdefestivalen blir arrangert i Førde i Sogn og Fjordane fylke i juli måned kvart år. Dette er den største festivalen for akustisk verdsmusikk i Skandinavia. Til glede for publikum kjem omlag 300 artistar frå heile verda til Førde, i ei veke fylt med aktivitetar som konsertar, kurs, utstillingar, festivalfrukost, barneaktivitetar, paradar og turar.

«Klangen av Norden!» er tema for festivalen sommaren 2017. Gjennom 80-100 ulike festivalarrangement framfører artistane musikken sin på 30 scener for om lag 26 000 besøkande kvart år.

Festivalen er godt innarbeidd, og har hatt gode besøkstal heilt sidan oppstarten for 27 år sidan. Under festivalen kjem mange turistar til Førde, og for dei fleste som bur i Førde, samt for nabokommunane, er dette det store høgdepunktet kvar sommar.

Festivalen har vore ein stor suksess i mange år, og ein ser at det er potensiale for å selje meir av festivalen sine egne produkt. Festivaleffektar som t-skjorter, genserar, jakker, hettejakker, kaps og regnponchos (regnkåper) har vore til sals i kulturhuset.

Sidan dei ikkje har tid til å prioritere dette arbeidet ynskjer festivalleiinga at ei ungdomsbedrift kan få denne utfordringa.

Du og to vener, som alle går på Service og samferdsel, får oppdraget med å starte ungdomsbedrifta World Wide Music (WWM UB) som skal ta seg av sal av festivaleffektar. I denne samanheng skal de utføre følgjande oppdrag:

Oppdrag 1

God logistikk er viktig for at ungdomsbedrifta skal fungere godt. Vis korleis du vil organisere dette i ungdomsbedrifta dykkar.

Oppdrag 2

Du skal bestille produkt til bedrifta frå ein av leverandørane dykkar, og de bestemmer dykk for følgjande produkt: 50 T-skjorter str. S, 50 T-skjorter str. M, 100 T-skjorter str. L, 40 T-skjorter str. XL, 40 kaps blå, 40 kaps grøn, 40 kaps svart, 20 regnkåper kvit og 30 regnkåpe svart str. «Onesize». Innkjøpspris for alle typar T-skjorter er kr 42,-, alle typar kaps kr 46,- og alle typar regnkåpe kr 63,-

De bestiller produkta frå M-Trading, Skullerudsletta 43, 3122 Tønsberg.

Du skal skrive eit brev med oversiktleg oppsett og bestille produkta. Produkta skal setjast inn i eit oversiktleg oppsett (tabell). Oppsettet skal også vise sum per produkt og totalsum for heile bestillinga.

Leveringsvilkår bestemmer du sjølv.

Oppdrag 3

I ungdomsbedrifter skal ein føre rekneskap. Det er viktig å ha vedlegg/bilag til alle føringane i rekneskapen.

- a) Forklar kvifor ein skal ha vedlegg til rekneskapen.
- b) Vis med døme kva vedlegg som skal vere med i rekneskapen til ungdomsbedrifta.

Avslutninga av rekneskapen viser at de har eit overskot på kr 21 000.

- c) Forklar korleis ein kjem fram til eit overskot i ei bedrift.

De er ikkje heilt nøgde med overskotet frå årets festival.

- d) Kva kan de gjere for å få eit større overskot neste år? Forklar svara dine.
- e) Korleis påverkar overskotet balansen til ungdomsbedrifta?



Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	Viser til «Veiledende vurderingskriterier»
Andre opplysninger	Det er en forutsetning at kandidaten bruker PC med verktøy for tekstbehandling og regneark.

Veiledende vurderingskriterier:

TEMA	NIVÅ 1 REPRODUKSJON	NIVÅ 2 FORSTÅELSE / BRUK	NIVÅ 3 ANALYSE / VURDERING
	Hva?	Hvordan?	Hvorfor?
Logistikk	Definere hva logistikk er	Forklare de ulike delene i arbeidet med logistikk	Grunngi, vurdere og reflektere over betydningen av logistikk for en virksomhet/bedrift
Brevoppsett	Kunne sette opp et brev med mindre oversiktlig innhold	Kunne sette opp et brev med noe oversiktlig oppsett og relevant innhold	Kunne sette opp et brev med oversiktlig oppsett og relevant og gjennomtenkt innhold
Bestilling	Bestilling av varer som mangler god struktur og viktige opplysninger	Bestilling av varer med bra struktur og hovedinnhold	Bestilling av varer med svært god logisk struktur og alt av forventet innhold/opplysninger
Bruk av tekniske hjelpemiddel og ryddig språkbruk	Bruke tekstbehandling og regneark uten ryddige oppsett og språk	Bruke tekstbehandling og regneark med stort sett ryddige oppsett og godt tilpasset språk	Bruke tekstbehandling og regneark med svært ryddige oppsett og godt forretningspråk
Økonomi – regnskap/vedlegg	Forklare hva et vedlegg til et regnskap er	Bruke vedlegg i regnskapsføringen	Vurdere hvilke konsekvenser manglende vedlegg har for regnskapet/virksomheten
Økonomi – regnskap/økonomisk resultat	Forklare hva et overskudd er	Vise hva som påvirker overskuddet	Vurdere hvilke tiltak som vil føre til endringer i økonomisk resultat for en periode
Økonomi – regnskap/balanse	Forklare hva balansen er	Vise hvordan balansen blir påvirket av resultatet	Vurdere hvilke deler av balansen som blir påvirket av overskuddet

I tillegg blir det lagt vekt på disse grunnleggende ferdighetene i Service og samferdsel:

- *Å kunne uttrykke seg skriftlig* i Service og samferdsel innebærer utforming av materiell for å nå ut til virksomhetenes kunder og leverandører, å svare på henvendelser, å utarbeide skriftlige planer og strategier, og å dokumentere arbeidsprosesser som ledd i virksomhetens kvalitetssikrings- og utviklingsarbeid
- *Å kunne bruke digitale verktøy* i Service og samferdsel innebærer å strukturere og behandle data som grunnlag for vurderinger, fremstilling av informasjon og effektiv utførelse og understøtting av ulike arbeidsprosesser

Eksamensoppgave:



Førdefestivalen blir arrangert i Førde i Sogn og Fjordane fylke hvert år i juli måned. Dette er Skandinavias største festival for akustisk verdensmusikk. Til glede for publikum kommer ca. 300 artister fra hele verden til Førde, for en uke fylt med aktiviteter som konserter, kurs, utstillinger, festivalfrokost, barneaktiviteter, parader og turer.

«Klangen av Norden!» er tema for festivalen sommeren 2017. Gjennom 80-100 ulike festivalarrangement fremfører artistene musikken sin på 30 scener for ca. 26 000 besøkende hvert år.

Festivalen er godt innarbeidet, og har hatt gode besøkstall helt siden oppstarten for 27 år siden. Under festivalen kommer mange turister til Førde, og for de fleste som bor i Førde, og også for nabokommunene, er dette sommerens store høgdepunkt.

Festivalen har vært en stor suksess i mange år, og man ser at det er potensiale for å selge mer av festivalen sine egne produkter. Festivaleffekter som t-skjorter, gensere, jakker, hettejakker, kapper og regnponchos (regnkåper) har vært til salgs i kulturhuset.

Da de ikke har tid til å prioritere dette arbeidet, ønsker festivalledelsen at en ungdomsbedrift kan få denne utfordringen.

Du og to venner, som alle går på Service og samferdsel, får oppdraget med å starte ungdomsbedriften World Wide Music (WWM UB) som skal ta seg av salg av festivaleffekter. I denne sammenhengen skal dere utføre følgende oppdrag:

Oppdrag 1

God logistikk er viktig for at ungdomsbedriften skal fungere godt. Vis hvordan du vil organisere dette i ungdomsbedriften deres.

Oppdrag 2

Du skal bestille produkt til bedriften fra en av leverandørene deres, og dere bestemmer dere for følgende produkt: 50 t-skjorter str. S, 50 t-skjorter str. M, 100 t-skjorter str. L, 40 t-skjorter str. XL, 40 kaps blå, 40 kaps grønn, 40 kaps svart, 20 regnkåper hvit og 30 regnkåper svart str. «onesize». Innkjøpspris for alle typer t-skjorter kr 42,-, alle typer kaps kr 46,- og alle typer regnkåpe kr 63,-.

Dere bestiller produktene fra M-Trading, Skullerudsletta 43, 3122 Tønsberg.

Du skal skrive et brev med oversiktlig oppsett og bestille produktene. Produktene skal settes inn i et oversiktlig oppsett (tabell). Oppsettet skal også vise sum per produkt og totalsum for hele bestillingen.

Leveringsvilkår bestemmer du selv.

Oppdrag 3

I ungdomsbedrifter skal man føre regnskap. Det er viktig å ha vedlegg/bilag til alle føringene i regnskapet.


- Forklar hvorfor man skal ha vedlegg til regnskapet.
- Vis med eksempel hvilke vedlegg som skal være med i regnskapet til ungdomsbedriften.



Avslutningen av regnskapet viser at dere har et overskudd på kr 21 000.

- Forklar hvordan man kommer frem til et overskudd i en bedrift.

Dere er ikke heilt fornøyde med overskuddet fra årets festival.

- Hva kan dere gjøre for å få et større overskudd neste år? Forklar svarene dine.
- Hvordan påvirker overskuddet balansen til ungdomsbedriften?





www.vigoiks.no/eksamen